



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Komite for næring, kultur og idrett
Stad:	Herøy rådhus, Formannskapssalen
Dato:	09.02.2015
Tid:	16:00 – 16:30

Medlemer som møtte:

Bjørn Otterlei	Leder	H
Knut Johan Voldsund	Nestleder	FRP
Margaret Leinebø	Medlem	H
Signe Sævik Monsen	Medlem	H
Edel Kvalsund Goksøyr	Medlem	KRF
Henry Jøsokbakke	Medlem	V

Forfall:

Frank Otto Kvalsvik	MEDL	KRF
---------------------	------	-----

Varamedlemer som møtte:

John Nerem	Frank Otto Kvalsvik	KRF
------------	---------------------	-----

Andre:

Kulturleiar Eileen Gjerde
Rådmann Olaus-Jon Kopperstad

Møtet var annonsert i Vestlandsnytt.

Det møtte 6 medlemer og 1 varamedlem, fulltalig.

Til å skrive under protokollen saman med leiaren vart desse valde:
Knut Johan Voldsund og Henry Jøsokbakke

Knut Johan Voldsund

Bjørn Otterlei
underskrifter

Henry Jøsokbakke

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 1/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 2/15	Protokoll frå førre møte
PS 3/15	Referatsaker
PS 4/15	Møre og Romsdal fylkeskommune - samarbeidsavtale om UKM (Ungdommens kulturmonstring)
PS 5/15	Søknad om kulturmidlar - prosjekt, NFU Herøy lokallag
PS 6/15	Omdisponering av RDA- tilskot vedtatt i KN-sak 103/13.
PS 7/15	Forteljeriet Vestafor Måne - Tilskot frå næringsfondet
PS 8/15	Tertialrapport per 01.01.2015.
	Referatsaker:
RS 1/15	Detaljreguleringsplan for deler av sjukeheimsområdet - Varsel om oppstart av planarbeid
RS 2/15	Møteplan 2015

PS 1/15 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste.

PS 2/15 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

Møtebehandling:

Protokollen frå førre møte låg føre.

PS 3/15 REFERATSAKER

Møtebehandling:

Referatskriv frå avdelingane låg føre og vert tekne til vitande.

PS 4/15 MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE - SAMARBEIDSAVTALE OM UKM (UNGDOMMENS KULTURMØNSTRING)

Møtebehandling:

Kulturleiar Eileen Gjerde møtte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Komite for næring, kultur og idrett - 09.02.2015

Herøy kommune inngår samarbeidsavtale med Møre og Romsdal Fylkeskommune om utvikling av UKM (Ungdommens kulturmønstring).

PS 5/15 SØKNAD OM KULTURMIDLAR - PROSJEKT, NFU HERØY LOKALLAG

Møtebehandling:

Kulturleiar Eileen Gjerde møtte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Komite for næring, kultur og idrett - 09.02.2015

1. NFU Herøy lokallag gis tilsegn om prosjekttilskot til aktiviteten «Solglimt» på kr. 17.500.
2. Tilskotet skal dekkjast over kulturavdelinga sitt budsjett for 2015, post 14700.4011.234 PU-klubben

PS 6/15 OMDISPONERING AV RDA- TILSKOT VEDTATT I KN-SAK 103/13.

Møtebehandling:

KrF, John Nerem reiste habilitetsspørsmål då han er varamedlem i styret for Sunnmørsbadet Fosnavåg AS.

Han går få under handsaming av habilitet.

John Nerem vart samrøystes kjend inhabil ellter KL. §40, FVL. §6, 1. ledd, bokstav e.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Komite for næring, kultur og idrett - 09.02.2015

Komite for næring, kultur og idrett omdisponerer tilskotet på kr.10.000.000,- frå RDA-midlane, vedteke i KN-sak 103/13, frå parkerings- og tilførselsvegar for Sunnmørsbadet og Herøy kulturhus til finansiering av Sunnmørsbadet AS.

PS 7/15 FORTELJERIET VESTAFOR MÅNE - TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Komite for næring, kultur og idrett - 09.02.2015

Komite for næring, kultur og idrett løyver eit tilskot frå det kommunale næringsfondet til Forteljeriet Vestafor Måne til grafisk design, profileringsmateriell og nettverksbygging, med inntil halvparten av dei kostnadene eks. mva som går inn i støttegrunnlaget, inntil 50.000 kr i samsvar med søknad og prosjektskildring.

Betaling skal alltid skje etterskotsvis mot godkjend rapport og rekneskap. Det kan gjerast delutbetalingar til påløpne utgifter med inntil 75% av tilskotet. Sluttutbetaling vert utbetalt når prosjektet er avslutta og vilkåra er oppfylt med revisorgodkjend rekneskap.

Søkjaren må sjølv kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Feil i utbetalt beløp vil bli trekt eller etterbetalt.

Tilsagnet gjeld fram til 31.12.2016. Dersom prosjektet ikkje er ferdig og gjennomført og tilskotet ikkje utbetalt innan denne datoen går tilskotet attende til det kommunale

næringsfondet.

Krav til dokumentasjon/rekneskap/rapportering

Det skal først spesifisert regnskap for prosjektet. Rekneskapen skal vere sett opp på ein slik måte at ein kan samanlikne med kostnadsoverslaget som er lagt til grunn for tilsagnet. Søkjaren pliktar å ta vare på rekneskapsdata og faktisk opplysingar.

Kontroll

Fylkesrevisjonen eller kommunerevisjonen kan føre kontroll med at midlane er nytta i samsvar med regelverket.

Feil bruk av midlane

Midlane skal nyttast i tråd med søknaden. Bruk av midlane i strid med retningslinene/handlingsplan vil medføre inndraging av tilsagnet og eventuelt tilbakebetaling.

Tilskotsmottakaren må skriftleg akseptere at tilskotet er mottatt på dei vilkåra som gjeld.

Etter retningslinene for bruk og forvaltning av kommunale næringsfond og etter forvaltningslova § 28, kan vedtaket påklagast til særskild klagenemnd. Eventuell klage skal sendast Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg, og klaga skal ligge føre seinast 3 veker etter at søkjaren er gjort kjend med vedtaket i saka.»

PS 8/15 TERTIALRAPPORT PER 01.01.2015.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken

Tilråding i Komite for næring, kultur og idrett - 09.02.2015

Saka vert tatt til vitande.

MØTET SLUTT!